

KVINNHHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Att: Anne Rita Eriksen

## 153/438 - Kommentarer til høyringsuttale

Eg er gjort kjent med at det kom inn to uttale (Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune) etter tilsegn i forvaltningsutvalet den 2.11.22, og vil gje mine kommentarar.

### Vestland fylkeskommune

Fylkeskommunen som eigar og forvaltar av fylkesveg krev dispensasjon etter veglova på tiltak som kjem innanfor byggegrensa mot fylkesveg, som er innanfor 50 meter ifrå senterlinja. Eg var ikkje kjent med dette kravet, og har heller ikkje fått informasjon av dette frå Kvinnherad kommune.

Eg var i kontakt med saksbehandlar hos fylkeskommunen 31.1 og ble orientert om at dette er eit formalitetskrav i mitt tilfelle.

### Statsforvaltaren i Vestland

Vurderingane til Statsforvaltaren er generelle i form og påpeker regelverket, men gir i liten grad saksorienterte vurderingar.

Dispensasjonssøknadene (§29-4) knytt til rammesøknaden gjeld prosjektert vegtrase der denne er endra for å tilpasse typografi på tomta for å redusere naturinngrep. Dispensasjon frå arealføremålet i LNF i arealdelen, §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø er tidigare behandla av Kvinnherad kommune utan klage frå Statsforvaltaren.

Finn ingen vurdering knytt til om omsyna bak pbl. § 1-1 eller nasjonale eller regionale interesser vil bli sett vesentleg til side dersom dispensasjon vert gjeve for endring av vegtrase frå alternativ 1 (delegert vedtak 5.2.2020)

I sak 214/166, vedtok forvaltningskomiteen, Kvinnherad kommune samrøystes 14.12.2014:

**«Kvinnherad forvaltningskomite gjev dispensasjon frå arealføremålet LNF i arealdelen til gjeldande kommuneplanen og frå pbl §1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag slik at det kan delast ei tomt til bustadhus frå 153/9 samt byggjast hus på tomta som omsøkt.**

**Tomta vil ikkje koma i konflikt med strandsoneverdiar.**

**Tomta ligg etter forvaltningskomiteen sitt syn tett inntil og som ei forlenging av eit eksisterande og utbygd bustadområde i sør og eit planlagte bustadområde B13 i aust. Tilkomst, vatn og avløp kan enkelt tilknyttast eksisterande system i sør. Tomta kjem ikkje i vesentleg i konflikt med naturverdiar. Tvert imot vil tilkomstvegen, som også skal nyttast som traktorveg av grunneigar, letta tilgongen til LNF-området. Plassering av tomta, i utkanten av LNF-område og med all infrastruktur knytt direkte til det eksisterande bustadområde, gjer at tomta heller ikkje vil vanskeleggjara ei eventuell framtidig utbygging av resten av området. Tilkomst til dette området vil eventuelt koma frå nord eller gjennom bustadområde B13 i aust. Dei private regulerte tomtene i nabolaget, har søkjar allereie lova vekk til slektningar. Det er heller ingen konkrete planar for utbygging av B13 eller andre område i nærleiken.**

**Tomta ligg etter forvaltningskomiteen sitt syn godt tilrettes for dispensasjon, ingen vesentlege moment talar imot og det er av stor samfunnsmessig betydning at kommunen kan tilby**

***einebustadtomter til dei som vil flytta til kommunen. I dei fleste område som i dag vert regulerte til bustadformål er fleirmannsbustader dominerande.***

***Vedtaket er heimla i i pbl § 19-2 og det er iflg grunngjevinga ovanfor ei overvekt av grunnar som talar for dispensasjon.»***

Dispensasjonsvedtaket blei vidareført 5.2.2020 (delegert vedtak 2020/36, med mål om å bygge vegalternativ 1).

Detaljprosjektering av veg etter alternativ 1 vert ikkje bra. Prosjektert vegtrase plassert heilt vest mot 153/32 vil følgja topografien på tomta, noko som gir mindre skjering (ikkje synleg frå sjø), og den korte fyllingsmuren vil verta utført med naturstein tilpassa landskapet. Denne vegtrase gir gunstigaste stigningsforhold (17%).

Statsforvaltaren sin vurdering er generell, og omtaler ikkje dei lokale tilhøva og naturforholda knytt til dispensasjonssøknaden for endring av vegtrase. Forvaltningskomitéen gjennomførte synfaring på tomta ved vedtak om frådeling av tomt til bustadhus i 2014, og vurdert då at tomta ikkje kom i konflikt med standsoneverdiar eller naturverdiar. Det vart også gjort synfaring med vurdering av naturinngrep før vedtak 2.11.22 (sak 2022/80) om å gi dispensasjon for ny vegtrase knytt til rammesøknad vart gitt.

Ved at forvaltningskomiteen opprettheld sitt positive vedtak ber Statsforvaltaren om å få vedtak til klagevurdering, noko som vil medføre at Statsforvaltaren må gje betre grunngjeving knytt til lokale forhold.

Vennleg helsing

Ernst Olsen